

Nordhordland turlag – eit 30 års attersyn.

Innlegg på NHT si jubileumsfest 27. oktober 2023 i Kilstraumen.

.....
Vår fellesnemnar er interesse for fjellet – skogen og sjøen = naturopplevinga.

17 år gamal hadde eg ein ufrivillig åleinetur frå Modalen til Voss. Kameratane som skulle vore med møtte ikkje opp då båten gjekk frå Eikanger.

Ein morgon kom eg over Tindafarangen (smak litt på det namnet) og der låg Skjellinganosi og ein bre og masse fjell innover Sognefjorden med skarpe tindar langt inne, seinare verifisert som sjølvaste Jotunheimen. Der kjende eg noko sige inn i sjela, eg vart eg frelst for natur og fjell og med denne overdosen av naturoppleving rusavhengig, på naturopplevingar. Eg har seinare måtta ha jamnleg påfyll.

Der oppdaga eg for første gong Bergen Turlag med sine nye hytter på Solrenningen, Åsedalen og leiga støl på Rappen. Stølsheimen aust for Haugsdalsvassdraget var uberørt, berre stølshus var dei tekniske inngrep, då med budeier (rett nok i 70 åra), både på Halset, Åsedalen og på Bjergane som hadde mjølk og rjomekolle å selje og mykje å fortelje.

Provanterte hytter betydde lett sekk og større fart og område å fara over. I 1970 vart eg medlem i Bergen Turlag, passiv brukar av dette dugnadsbaserte opplegget i over 20 år. Kanskje ein gong skal eg kunne ta eit dugnadstak og tenkte eg, og sjansen kom.

I 1991 var Ole Isdal reiselivssjef og ville ha turar med båt, sykkel og til fots. 28 07 91 hadde eg første turen over Husdalsfjellet til Molvik med 30 deltakarar og like mange geiter som hengde seg på etterkvart.

Det vart tur på Austlendingen og Stussdal – Andvik i slutten av august. Det vart liknande opplegg i 1992 og turgruppa i Eikanger II stod om arrangør. Der dukka Tore Haugland opp frå Alvidra og tankane om eit Nordhordland turlag tok form, ikkje minst på grunn av den store oppslutningen frå alle delar av regionen.

Skiping av Nordhordland turlag.

Den 29 10 1993 var det skipingsmøte på Alver hotell. Tre notabilitetar frå Bergen Turlag og seks frå Nordhordland var frammøtt - ti minutt før møtet skulle ta til. Eg var flau, var dette naturinteressa i Nordhordland? Så rann det inn med folk og salen vart fullsett. Laget vart skipa og la under seg territoriet frå Fedje til Modalen.

Før dette hadde eg og Bjørn Olav Hagesether vore i Bergen Turlag hjå Kalle Olsen og Jørgen Faye og lufta tankane om eit lokallag. Me vart vel mottekne for lokallag var ikkje ukjente med og dei kunne bidra med oppstart i Nordhordland.

Vårt motto var: Mest mogleg ut på tur og minst mogleg papirarbeid, det skulle BT ta seg av. Med planar om hytter og naturvern såg me det som ein stor føremon å ha apparatet til BT i ryggen, den største DNT org. utanfor Oslo. Føremålsparagrafen : «Nordhordland Turlag har som føremål å fremja eit aktivt, naturvenleg og sikkert friluftsliv i skog, fjell og kyst.» Legg merke til kyst!

Turar.

Turane er kjernedrifta, og rett etter skipinga kom vårt faste program ut for 1994 med 20 turar. Vardadalsbu, vår signaturtur på vinter, var med alt då. Kanotur i Storavatnet, på vatn frå starten. Vidare overnatting på Fjellet gard og Kossdalen - Tveitafjellet på Osterøy med båt frå Eknes, faktisk dagen før dei slepte ut flytebrua frå Lonevågen der den vart montert. Skålatårnet, Selhamar og lokale turar, me la lista høgt og den vart ikkje senka seinare.

Skiturar frå Hallingskeid er på programmet dei 8 første åra, gjerne med snøholekurs i tillegg til toppturar rundt. Helgeturar til andre lag som til Rosendal Turlag kom alt i 1995. Dugnad på Vardadalsbu er på programmet frå 1996 og same år hadde me første båttur til Alden i stiv kuling, men på toppen var det nesten stille! Aldenturen vart ein suksess for heile BT og båt kombinert med meir eller mindre turgåing er ein 30 årig suksess.

Lette turar og krevjande turar vart markert med frå ein til fem støvlar i programmet vårt. Fotturar i nærmiljøet var naturleg nok det dominerande. Onsdagsturane utgjorde i mange år ein stor del av aktiviteten, men fekk konkurranse frå ymse dørstokkar og andre ganglag og har diverre mindre oppslutning no. Frå 2007 kom Masfjorden med oss med eigne parallelle onsdagsturar.

Turar for born og eiga kajakkgruppe kom på plass etter kvart. Barnas turlag vart landsomfattande og BT tar på seg mykje av skulda for å ha starta denne nasjonale suksessen og dei fleste lokallag hengde seg på her.

Nye krefter her ute kom med fine turar spesielt for ungdom, turboturar og tilrettelagte turar for grupper som ikkje kan føta seg så lett.

Laget har hatt fleire turar over Folgefonna og med stegjern og øks klatra i brear. Brekurs og klatrekurs er å finne på programmet for eksempel i 2006.

I 2008 førte eit foredrag av Jarle Trå til at Nordhordland Turlag den 08 08 2008 kl 0800 begynte å bevege seg ned frå sjølvaste Kilimanjaro 5896 m.o.h. etter ein fantastisk tur til Tanzania. Seinare var mange av desse med til Peru på Inka trail til Matchu Pitchu, Titicacasjøen m.m. Heimfødinger er me så visst ikkje i NT.

Langturar som Kvingo – Stordalen ved 10 årsjubileet og Voss – Stordalen ved fylte 20 år i 2003 tek eg med her som døme på langturar. Sunnmørsalpane og sykkel på Helgelandskysten er eksempel på var utvandrartur.

Turane vart fornya av nye medlemer og nye idear. God med brakt mat med gourmemåltid vart ein trend for mange, til og med bløtkaker på fjelltoppar rundt om. Der har ikkje eg bidratt og eg vert så rusa av naturopplevinga at eg har ikkje bore meir alkohol med meg enn ein må ha til akutt medisinsk bruk.

Kulturtur er å sjå alt i 1996. Kjentfolk som kan fortelje om liv og lagnad på stadene me vitjar krydrar turen og gjev oss kunnskap om korleis landskap var nytta før og levevis i farne tider.

Media

Turstoff er godt lesestoff og naturbilete pyntar unekteleg opp blant bilete frå kommunestyremøte og meir trivielle kvardagssaker. Det var lett å bruke media og i motsetning til i byane greitt å få inn stoff om komande turar og reportasjar frå dei som var gjennomførte. God reklame for oss der folk vart inspirerte til å vere med på tur og plassen i media styrka veksten i NT.

I dag er det FB og Messenger og digitale flater mot publikum NT har vore i front på å nytta moderne kommunikasjon mot omverda. Seniorane heng med etter beste evne!

Hytteprosjekt / dugnad har vore ein sentral del i vår aktivitet.

I 1994 fekk underteikna eit skriv frå Birger Refsdal med grunngjeving og ønske om ei hytte mellom Vardadalsbu og Dyrkolbotn. Han viste til strategiplanen for BT i 1983. Den gamle Skjerjevasshytta var fjerna etter endå ei oppdemming og ruta i lengste laget. Den 25 04 95 sende styret i NT eit grunngjeve innlegg til Bergen Turlag. Det vart teke vel i mot og i ein periode med manglande prosjekt i BT kom dette i prosess. På fellesmøte 4/10 97 vart det likevel verbalt basketak, men gode argument vann fram. Prosjektet kom i gang i godt samarbeid med bøndene i Modalen og støtte frå Olav Thons fond og tippemidlar. NT hadde ansvar for tomt og ferdig grunnmur og det vart lagt ned stor dugnad av mange. I 1999 hadde med sjølvaste Olav Thon med følgje med til festleg kveld på Skavlabu.

Parallelt dukka Kalvedalen opp, der Hundvindgrend utferdslag hadde fått tomt i 1946. Etter eit par grunnsteinar stogga det arbeidet og etter 50 år skulle dette attende til grunneigarane i Kalvedalen. Styreleiar og nestleiar troppa opp på Hundvin hjå gamlekarane. Vederlagsfri tomt og kr 10.000,- var tilbodet. Etter møte med grunneigarar i Kalvedalen og positive tilbakemeldingar kom også dette i gang og hytta stod ferdig i 2002 etter nok ein stor dugnadsinnsats. Med tilskot frå Thon, etter litt kamp, og mottekne tippemidlar, var netto kostnaden ca 50.000,-, omtrent som Skavlabu.

Desse hytteprosjekta skapte godt samhald, fine fjellturar og mange gode stunder på materialstablar, og lecablokker og etter kvart innandørs. Første overnatting på Skavlabu hugsar dei som var med; stabla lecastein med presenning over, kjent som Lecabu. Der sov me sjølv om vatnet etter kvart rann gjennom.

Dugnadsansvar for fleire hytter og merkeansvar for nye og gamle ruter kom tidleg på agendaen. Her har NT sine folk lagt ned mykje arbeid og standarden på våre hytter vart kjent utanfor vårt område.

For å få Thonmidlar til Kalvedalen måtte den ligge på ei «rute». Me løyste det med å leige Gommastova i Dyrkolbotn og Birger Refsdal sin draum om å ha ei rute frå Voss og Vikafjell, heilt ut til kysten var på plass. Denne ruta vart mindre nytta enn forventa og avtalen vart sagt opp av grunneigar då DNT sentralt stilte seg skeptisk til storstila utbygging av småkraftverk.

Storsatsinga på Rongevær viser at vi meinte noko med kyst så vi starta. Litt av eit løft for heile NT; BT og DNT.

Bergen Turlag og DNT.

Alt i 1995 var NT representert i rådet i BT og frå 1996 i styret. Ei tid hadde NT både styreleiar og rådsleiar! Styreleiaren hadde me samanhengande frå 2001-2012. Me søkte makt! Det innebar å vere delegasjonsleiar for BT på landsmøte i DNT. NT har hatt tillitsverv i styret i DNT herunder nesteleiar, økonomiutval, valkomite, Olav Thons fond m.m og dermed påverkar og pådrivar for nasjonal friluftslivspolitik og innhald i DNT som landsforeining.

I ei tid der mange foreiningar sleit med å halde opp medlemstalet auka Bergen Turlag bl.a. grunna veksten i stadig fleire lokallag. Lokallagsmodellen kom på agendaen nasjonalt.

Turleiarutdanning

Mi erfaring som turleiar, var frå sauesanking i Eksingedalen med bøndene frå Åsgard. Dei fleste går lydig i flokk, men nokon stikk av, skal gå først heile tida eller sakkar bak. Stikkordet er : Ha kontroll på flokken og ha ein ankerperson. Ser du denne er alle med.

Å mangla ein person når ein skal ned frå Folgefonna, eller to er på veg mot Øystese når turen skal til Botnen krev evne til logisk tenking og kva er plan B viss om atte. Frå 1998 og utover tok mange turleiarutdanning for sommar I, sommar II og vinterturleiar. Etter kvart som det kom krav til risikovurdering og formell kompetanse til å leia turar var dette nyttig, lærerikt og naudsynt. Helgene på fjellet med teori og praksis er av det kjekkaste eg hugsar frå turlagstida.

På ein sigerspall står ein åleine, på ein fjelltopp er gleda større di fleire du kan dele naturopplevinga med. Her ligg vel kimen til å vere turleiar, å dele med andre dine nautopplevingar og få positive tilbakemeldingar.

Medlemsmassen starta med 432 DNT medlemer i vårt på skipingsdatoen annekterte område. Dette dobla seg raskt og NT vart laget i Nordhordland med størst medlemstal. Med vart store medlemsområde vart me fort teke med på råd i arealsaker, seminar om natur og friluftsliv og tidleg leverte me uttal til BKK om å verna dei vassdrag som var att og heller utnytte dei som var tatt.

Budeiedilt er spesiell for NT. Det var hjelparar på stølen i Hardanger og eit uttrykk eg hadde etter mor mi. Bjørn Olav Hagesæther gjorde ein flott jobb med mat og opplegg på ein overnattingstur i Fjelde gard og eg utnemnde han litt på spøk til årets budeiedilt på komande årsmøte. Stort for meg at prisen eksisterer framleis som NT sin heiderspris!

Naturvern vart ein del av verksemda vår og med god fagleg støtte ved kontoret i Bergen er det brukt mykje ressursar for å ta vare på vår aktivitetsarena – naturen.

Tilhøvet til grunneigarane har alltid vore prioritert og er vesentleg for å kunne drive våre aktivitetar på ein smidig måte. Diverre har vindkraftplanane endra dette og det er trist i eit folkehelseperspektiv og det at me alle ønskjer at våre etterkomarar skal få oppleve det eg gjorde for 53 år sidan på Tindafarangen og gjer at naturen vert avkobling som energipåfylling, med opplevingar av ulikt slag. Som Olav Thon sa det så treffande: «Fjella står der og ventar og ønskjer meg velkomen. Dei spør ikkje om du har gjort ein tabbe i livet eller skjemt deg ut der inn i Oslo.»

Fjella våre ønskjer deg velkomen og gjer deg ly for vind og ver eller høve til ein topptur der du kan skoda utover og sjå kor små menneska er der ned i kløftene sine. Dei står der frå æva til æva, men lyt der stå, me lever så kort, men kan koma til og frå så lenge me kan gå!

Eg har ikkje nemnt namn, vore systematisk eller fullstendig. Me har alle våre *opplevingar* og ulike *oppgåver* og *oppfatningar*, men eg håpar det har vore ein *opptur* for dei fleste å bidra i fellesskapet Nordhordland Turlag.

..at dette kåseriet har sett litt fart i hjernevinningane og fått dykkar opplevingar framatt. Me har våre rom livet som heim og skule og lag der me høyrer til i korte eller lengre periode og må eller kan koma og gå.

Mitt største ynskje er at Nordhordland Turlag har vore, er og vil vera eit rom i dykkar liv som er positivt å koma til, ikkje minst når liver går litt i motbakke.

Det er ei stor glede å sjå det me starta for 30 år sidan er så veldrive og i front på alle måtar på moderne friluftsliv.

Gratulerer med 30 års jubileet!

Takk for at de høyrde på meg!

Asle Hindenes